

Dagsavisen.no / Kultur / Musikk /

## Vårens vakraste debut



Den mangslungne saksofonisten og jazzmusikaren Kåre Kolve platedebuterer endeleg sjølv, med eit strålende album. Foto: Lasse Berre

**Det opnar med ein så iøyrefallande, vakker og innsmigrande låt at eg blir nesten mistenksom. Men det er ein veteran som debuterer, med eit album som er den store og gledelege overraskinga denne jazzvåren.**

18. april 2009, oppdatert 17. april 2009 10:24

Snart 45 år har han blitt, han spelar saksofon og heiter Kåre Kolve, og han har ei musikalsk merittliste lengre enn dei fleste. Frå dei tidlege åra hugsar eg han frå First Set, eit band som den gongen var å rekne med på den yngre jazzscena. Han har spela med Lava, Randy Crawford og Sissel Kyrkjebø, har stått på scene i tallause TV-sendingar med musikalsk innslag, han er ein dugande arrangør, har site i alle slags orkestergraver, og han var med å starte Mambo Companeros, eit garantert festband på alle slags festivalar. Men jazzfoten har alltid vore intakt, og om øving gjer meister, må det gjelde vossingen som godt vaksen finn det for godt å platedebutere i eige namn, med eit tvers gjennom strålende resultat. Songane har han skrive sjølv, etter den mjuke velkomstlåten «Elke's Song» slår bandet an ein ny tone på «Long Distance», fasettane skifter, og det er berre å gje seg musikken i vald, med eit album og eit ensemble i perfekt samklang heile vegen. Det er eit lag musikarar frå den

framstormande jazzungdommen som er med på å gjere «My Directions» til ei lydaroppleving av dei sjeldne.

### **LUKKETREFF**

Vi snakkar om pianist Espen Berg, trommeslagaren Magnus Forsberg, som så lik andre svenskar har studert jazz i Trondheim, og bassisten Jo Fougner Skaansar – alle med ein allsidig bakgrunn og ei sjølvkjensle som er typisk for denne generasjonen. Og sjefen sjølv, som glitrar på tenor og sopransaksfon. Han veit kva han gjer, «veteranen» som etter den smekjande innleiinga serverer eit knippe låtar med stor spennvidd, i fine arrangement for eit band med like dugande solistar.

Fanden spare tenkjer eg, og ber om at dette ikkje berre blir eit eingongsband som ein hende gong blir å høyre der ute. Dette er Kolves musikalske lukketreff. Han er vossing, og om det finst ein eigen Voss «sound», opplever eg ein slektskap i saksofonspelet med sambygdingen Tore Brunborg. Pianospalet til Espen Berg er utsøkt, som trommespelet til Forsberg og basspelet til Skaansar. Det ligg musikalsk meisterskap i å setje saman eit ensemble som dette.

### **ANDY'S JAZZ**

Den engelske saksofonisten Andy Sheppard (52) har vore ein favoritt sidan eg møtte han på norske jazzfestivalar på åtti eller tidleg nittital, og høyrde på plater som «Soft On The Inside» (1990), tileigna Gil Evans, Carla Bley og George Russell. Det er pionerar han sjølv har spela med, i tilfelle Carla Bley gjer han det framleis, etter det strålende CD-møtet med Bley og Steve Swallow på «Songs With Legs» i 1995. Det skulle bli fleire ECM-utgåver med Bley, men «Movements in Colour» er hans eigen ECM-debut, med norske Eivind Aarset og Arild Andersen i bandet. Slik har vi også møtt han, i ulike europeiske konstellasjonar, ein musikal, storbandleiar og arrangør som med sitt kraftfulle, ekspressive saksofonspel alltid markerer seg. Her er også gitaristen John Parricelli og Kuljit Bhamra på tabla og perkusjon, to musikarar han har samarbeida med einskildvis, og som også er med i den faste kvartetten hans. Musikken står til namnet, «Movements in Colours», fargerik, fabulerande, innimellom melankolsk.

### **MED GARBAREK**

Ein norsk musikal gjer seg også sterkt gjeldande på neste album, perkusjonisten Trilok Gurtus «Massical», der hans gamle medspelar Jan Garbarek er mektig saksofonsolist på sporet «Bridges». Garbarek og Gurtu møttest i mange samanhengar, på eigne plater og i samspel med ein annan indiske musikal, Shankar. Gurtu frå Bombay flytta til Tyskland på slutten av syttitalet, og hans europeiske bassist Kay Eckhardt er også med, i eit mangslunge galleri musikarar på eit album som opnar med «Seven Notes to Heaven». Vi har sju tonar til rådvelde, valet er vårt, og vi kan nå Gud med det, står det i ein kommentar til låttittelen mange vil assosiere med «Seven Steps to Heaven», signert Miles Davis og Victor Feldman. Til himmels.

**Trilok Gurtu**

«Massical»

BHM (Musikklosen)

**Kåre Kolve Quartet**

«My Direction»

Curling Legs (Musikkoperatørene)

**Andy Sheppard**

«Movements In Colour»

ECM (Musikkoperatørene)

---